

ImF Sunnmøre har teke over butikken Johan R. Sunde



Som mange veit vart det i november på eit ekstraordinært årsmøte i Sunnmøre Indremisjon (som no heiter ImF Sunnmøre) vedteke å gje krinsstyret fullmakt til å forhandle om å ta over drifta av butikken Johan R. Sunde viss ein fann at dette var klokt å gjere.

I etterkant av årsmøtet har det vore ført forhandlingar med Johan R. Sunde om overtaking, og krinsstyret kom fram til at det var klokt og rett og ta over butikkdrifta. Krinsen har oppretta eit holdingselskap (ImF Sunnmøre Holding AS). Det er dette aksjeselskapet som no formelt tek over butikken, og som skal eige og

drive den. I styret i ImF Sunnmøre Holding sit Kjell Harald Otterlei (styreleiar), Oddbjørn Brunstad og Jostein Sætrenes. Kjell Harald Otterlei fortel i eit intervju med Radio Sunnmøre i januar at no er alle papira underskrivne, og den 4. januar tok ImF Sunnmøre formelt over butikken.

Enkelt sagt eig krinsen holdingselskapet som så igjen eig butikken.

Det var også med stor glede at krinsleiar Johan Halsne på den årlege medarbeidarfesten i ImF Sunnmøre i januar kunne presentera ny dagleg leiar for butikken. Even Dypvik frå Langevåg er tilsett, og vil starte i stillinga i løpet av februar. Han kjem frå daglegvarebransjen og har lang fartstid med butikkdrift.

Johan R. Sunde har gjennom mange år vore veldig raus når det gjeld å støtte lokale lag og organisasjonar. Dette ønskjer man å vidareføre også i framtida. Ikkje minst har dei ulike avdelingane i Sunnmøre Indremisjon fått mykje sponsormidlar frå Johan R. Sunde.

Det er planar om å bygge litt om og pusse opp dagens lokalar litt på sikt. Både den nye daglege leiaren for butikken og styreleiaren har stor tru på at det skal være mogleg å drive butikken vidare slik som før, og kanskje også få den til å blomstre enda meir.

Det å drive jarnvare og malingsbutikk er noko nytt for ImF Sunnmøre. Når krinsen no likevel går inn for å satse på dette, er det med eit håp om at butikkdrifta på



Even Dypvik (t.v.) og Kjell Harald Otterlei skal saman lede drifta av Johan R. Sunde.

sikt skal kunne gje så god avkastning at det kan frigjere midlar som kan brukast i misjonsarbeidet rundt om på Sunnmøre.

//// Tekst: Arild Ove Halås

//// Foto: Randi Fagerhol Lauvås og Håkon Rabben

Inn i vår fremtid!

For kort tid siden var vi vitne til at fire forskjellige politiske partier satte seg sammen for å finne en felles plattform å styre landet Norge etter de kommende år. Selv om disse fire har forskjellige ståsted, forskjellige verdigrunnlag, forskjellige ønsker og forskjellig politisk farge kom de frem til enighet om en felles politikk som har flertall i det norske storting.



Johan Halsne
Krinsleiar i ImF Sunnmøre

For en tid tilbake fikk alle foreninger og kontaktpersoner knytta til ImF Sunnmøre tilsendt felles skriv (og film) fra ImF ved generalsekretær og kretsleder i ImF Sunnmøre. Innholdet i disse handler og om hvordan vårt arbeid skal drives og gjennomføres i kommende dager.

ImF sentralt sender dette ut fordi det skal gjennomføres en generalforsamling, knytta til lederkonferansen i november dette år, og vi i ImF Sunnmøre sender det ut fordi vi er ved starten av å lage ny strategiplan for de neste årene.

I begge tilfeller er spørsmålet hvordan vårt arbeid skal se ut i årene fremover. Det er derfor vi henvender oss til dere gode misjonsvenner og medarbeidere. Det er alltid slik at vi er til for dere som står i arbeidet lokalt! Dere kjenner på utfordringer og behov i det arbeid dere står.

Så sterkt som jeg kan, vil jeg be dere bruke god tid på de spørsmål dere har fått tilsendt. Involver alle de som er med i arbeid på din/deres plass, om det er stort eller lite! Få med synspunkter og forslag fra både barne, ungdoms og voksen arbeid. Vær både konket og ærlige i deres tilbakemeldinger!

Når vi her på Sunnmøre skal lage en strategiplan for de kommende årene, er det avgjørende viktig at dette blir et verktøy som er mest mulig til hjelp i møte med misjonsfolket sine behov og visjoner.

Våg å fortell oss hva vi bør endre, hva vi eventuelt skal slutte med og ikke minst, skal vi begynne med noe helt nytt? Vær

så konkrete og detaljerte som dere kan i deres tilbakemelding til oss. Vår organisasjon må i mest mulig grad være utrusta i fremtid, i tråd med de behov og satsingsområder vår lag, forsamlings og foreninger vil ha for kommende år. Om dere /du har en visjon, så del den med oss andre!

Vi skal ikke sette sammen en politisk plattform, men arbeide oss frem til en strategiplan som vil være et tjenlig verktøy til å bygge opp Guds folk på Sunnmøre i kommende år, og å nå de som ikke kjenner Jesus med det gode budskap i vår tid.

La oss be om mot, vilje, kraft, visdom og styrke til å gjøre de rette og nødvendige grep, både i vårt arbeid og i vår organisasjon, slik at vårt arbeid er rett rusta for kommende år!

Våg å fortell oss hva vi bør endre

LEIR VÅR 2019	
2. - 4. klasse MINILEIR 1 2. - 3. Februar Pris: 400 kr	2. - 4. klasse MINILEIR 2 30. - 31. Mars Pris: 400 kr
4. - 7. klasse WINTERGAMES 1 8. - 10. Februar Pris: 600 + 100 kr	6. - 9. klasse WINTERGAMES 2 8. - 10. Mars Pris: 600 + 100 kr
Familieleir Palmehelga 12.-15. April	
4. - 7. klasse JENTELEIR 21. - 24. Juni Pris: 800 kr	5. - 8. klasse GUTTELEIR 27. - 30. Juni Pris: 900 kr
4. - 7. klasse TWEENSLEIR 5. - 7. April Pris: 600 kr	Søskenmoderasjon: 30% for barn 2, 50% for barn 3
Påmelding: www.lmfung-sunnmore.no	

ORGAN FOR IMF SUNNMØRE

Krinsleiar ImF Sunnmøre
 Johan Halsne
Heimemisjonen
 Redaktør: Johan Halsne
 Postboks 7836 Spjelkavik,
 6022 Ålesund
 Tlf. 70 17 86 70
 Fax. 70 17 86 69
 Bankgiro: 3000.15.31235
 E-post: sunnmøre@imf.no
 Internett: www.imfsunnmore.no
ImF-UNG Sunnmøre
 imfung-sunnmore.no

Brusdalsheimen
 Telefon: 70 27 45 53
 Bankgiro 3900.31.17255
Orreneset Misjonscenter
 Telefon: 70 25 07 56
 Bankgiro: 4045.07.07211
Daggy barnehage
 Telefon: 70 18 24 97
 Bankgiro: 3000.21.36682
Ålesund Folkehøgskule
 Telefon: 70 17 76 00
 Bankgiro: 8220.02.20788

Møre Ungdomsskule
 Telefon: 70 17 66 70
 Bankgiro: 8220.02.80287
Møre barne – og ungdomsskule Skodje
 Telefon: 40 29 36 41
 Bankgiro: 3000.32.36796
Møre barne – og ungdomsskule Herøy
 Telefon: 70 08 05 50
 Bankgiro: 3000.18.45655

Begravelsesbyrået Sunnmøre A/S
 Telefon: 70 17 86 60
 Vakttelefon: 90 86 38 56
Plussreiser AS
 post@plussreiser.no
 Telefon: 70 17 90 00
 www.plussreiser.no
Radio Sunnmøre
 Telefon: 70 15 41 00
 Bankgiro: 3900.21.10311
 www.radiosunnmore.no

Barnegospel- festivalen 2019



Bjarte Leithaug og det sammensatte barnekoret

19.-20.januar arrangerte ImF-UNG Sunnmøre nok ein gong Barnegospelfestival for barnekora i ImF-familien på Sunnmøre.

Årets instruktør var Bjarte Leithaug, som er kjend for mange for sitt engasjement for barnekor, og for å

ha laga mange flotte barnesongar. I år var det barn med frå Vigra YAKor, SingIt på Ellingsøya, Giske barnekor, Spiren frå Blindheim og Tusenfryd frå Emblem, og det vart fullt på Brusdalsheimen også denne gongen.

Vi møttes som vanleg laurdag formiddag, til "bli-kjent-samling", før

ei av fleire korøvingar tok til. Barna lærer lett, så det var ikkje lenge før dei første songane lydde flott for oss vaksne som satt og hørte på.

Innimellom korøvingane var det måltid, kiosk og leik og om kvelden var det leirfest for barna. Då var korleiarane og nokre av foreldra samla i peisestova på gamlehytta og hadde leiarsamling saman med Bjarte Leithaug.

Søndag formiddag vart også sett av til øving, så var det pakking før siste måltidet der inne. Så venta



Bjarte og Axel alias Elvis bussen på oss som skulle frakte oss til Blindheim bedehus til generalprøve og familiekonsert.

Klokka 15 på søndag var Blindheim bedehus nesten fullsett, av foreldre, søsken og andre som ville høyre på det samansette barnekoret og Bjarte Leithaug. Ei stund der både vi som hørte på og dei som song hadde det topp. Her var det sangglede. Tusen takk til alle som kom for å høyre på.

Så håper vi som arrangerer denne helga, at dette kan vere til inspirasjon for både barna og korleiarane, til å få lære nye songar og til å fortsette med barnekor på sin heim plass. Det er så verdifullt for eit bydel eller ei bygd å ha eit barnekor, så tusen takk til alle som står på som leiarar år etter år.

Teikst og foto: Randi Fagerhol Lauvås

FAMILIELEIR PÅ ORRENESET PALMEHELGA 12.-15.april 2019

Opplegg for små barn, store barn, ungdom og vaksne kvar formiddag. Familiesamlingar og eigne samlingar for store barn/ungdom om kvelden. Tid til (ski)turar og uteaktivitet kvar dag. Sosiale samlingar om kvelden.





Desse blir med:
Arild Ove Halås
andakter for vaksne

Hilde-Sofie Blindheim Østrem— førskulebarn
Mathias Lindgren Mulelid— barn/ungdom
Randi Fagerhol Lauvås— leiarsjef

Priser:

Vaksne 1250,- 13-17år 1020,- 8-12år 850,- 4.-7 år 650,-
Barn under 4 år gratis Maks pr. familie 4500,-

Facebook: imf-ung sunnmøre
Påmelding: rf.lauvas@imf.no
imfung-sunnmore.no
Tlf 70178673 / 70178670





Temadag:
TRO I HJEMMET
Lørdag 16.mars
KI 10:30-15:30
på Emblem bedehus

Arr:
ImF-UNG Sunnmøre og
Emblem bedehusforsamling

VELKOMMEN til en inspirerende dag for **FORELDRE**, med **JORUNN SINGSTAD DJUPVIK**

«Du er gull verdt! - å dele troen hjemme.»

- Samspillet i familien - å se mulighetene i egen hverdag
- Frimodighet og utrustning - finn DIN måte å gjøre det på!
- Hvordan kan barna våre få en bærekraftig tro?

Enkel lunsj - frivillig seminaravgift/kollekt


Påmelding til: rf.lauvas@imf.no / 990 17 098
Eller: odmabjor@gmail.com / 975 86 240

Jorunn Singstad Djupvik er ansatt som undervisningsansvarlig i Awana Norge. Hun har tidligere vært redaktør, forfatter og bibelinspirator i Bibelleseringen og var blant annet redaktør og medforfatter i Foreldreboka og Foreldreskolen og har redigert Alfa super – bibelleseplan for barn og familier. Hun reiser i tillegg rundt i hele landet og holder kurs og seminarer om å dele tro på hjemmebane.




Bli med Radio Sunnmøre i C.S.Lewis sine fotspor


I C.S. LEWIS SINE FOTSPOR
OXFORD OG LONDON



19.-23. september Turteam: Ragnhild K.V. Espelund, Yvonne og Bjørn Hinderaker
 Denne turen er i samarbeid med Radio Sunnmøre

Er kristen tro troverdig? Er refleksjonene og svarene til den kjente forfatteren C.S. Lewis fortsatt aktuelle? Møt disse på hans hjemmebane i Oxford!





PLUSREISER
 – mer enn ferie

Er du nysgjerrig på trusforsvar, England og nydeleg arkitektur? Bli med Radio Sunnmøre på tur til Oxford i C.S.Lewis sine fotspor 19.-23. september.

I september vert det på ny avreise med Radio Sunnmøre og Plusstreiser til Oxford og London, der vi skal gå i C.S.Lewis sine fotspor. Vi håpar at du ikkje vil gå glipp av turen denne gongen. Det var ein suksess for dei som var med i 2016, no i 2019 blir det på ny ei moglegheit. Reisetteamet denne gongen vert høgskulelektor ved NLA mediehøgskule Gimlekollen Bjørn Hinderaker, saman med kona Yvonne Hinderaker som til dagleg arbeider som psykiatrisk

sjukepleiar. Bjørn har fleire gongar vore i Oxford med studentar på linja Kommunikasjon og Livssyn ved NLA Gimlekollen. Frå Radio Sunnmøre vert dagleg leiar Ragnhild Kristine Vartdal Espelund med.

Vi får anledning til å lære meir om Lewis, og mest sannsynleg få tankar om vår eiga tru og korleis vi uttrykker den i ulike samanhenger. Turen og innhaldet set spor. Eit innhaldsrikt program i Oxford i Lewis sin heimstad, samt i London med gudsteneste i All Souls Church og moglegheit til å bli med på den fabelaktige musikealen Les Misérable.

Sjekk ut meir på www.plusstreiser.no.

Radio Sunnmøre

radiosunnmore.no

Din kristne lokalradio på Sunnmøre med 71 sendetimar i veka på FM, DAB og internett.

Du finn oss også på:
radiosunnmore.podbean.com
 og
 iTunes

19. OG 20. MARS!

RADIOGIV 2019

Radio Sunnmøre si årlege innsamling går over 16 direkte-sendte timar 19.-20. mars.

Spanande gjestar, gavekort og godt innhald.

Bli med å støtt Radio Sunnmøre på VIPPS 72582 eller konto: 3900.21.10311

MINNEORD Harald Haukeland



Bysekretær Harald Haukeland har gått heim til Jesus snart 99 år gamal. Harald vart fødd i Arna, og voks opp på Haukeland ved Bergen i ein stor søskenflokk. Tidleg fekk han ein lengt etter Gud, og som tenåring søkte han samfunn med dei eldre på bedehuset. Her fekk han syn og interesse for Guds

ords verdi og rikdom. Etter et år på Frekhaug Ungdomsskule søkte hans seg til Bibelskulen i C.Sundsgate i Bergen. Etter kvart modnast eit kall til forkynning, og etter sterk oppmoding frå leiarar i DVI tok han ut. Den første tida reiste han saman med andre, eldre forkynnarrar, og lærde mykje av dei. Det var rike vekkingstider, og Harald fekk også oppleve å vere med her.

I 1948 vart han gift med Margot, f. Kvalvaag frå Kristiansund, og same år vart dei kalla til teneste i Ålesund Indremisjon. Det var då stor aktivitet, og gode tider på Ålesund Bedehus. Særleg kunne

dei gle seg over eit rikt barne- og ungdomsarbeid. Bygdeungdomen søkte til byen for arbeid og studie, og mange kom til liv i Gud. Harald kunne nyte god støtte frå eit stor musikklag og ikkje minst Ålesund Indremisjonskor som vart skipa i 1903.

Etter ni års teneste vart han kalla til sekretær i Rogaland Indremisjon, men det synes som at det var i Ålesund han kjende seg mest roleg for sitt kall. I 1966 var han såleis tilbake som bysekretær i Ålesund Indremisjon. Mykje hadde nok endra seg, men han fekk oppleve mykje godt og meningsfullt i sitt virke i byen

fram til sin alderdom. Harald var rikt utrusta som misjonsarbeidar. Hans styrke var forkynning, sang og musikk. Saman med sin venn, Ottar Istad, nytta dei også mykje tid til salving og bøn for sjuke.

I mange år vart Harald kalla som gjestelærer på Bibelskulen. Her vart han ofte utfordra på temaet BØNN. Harald Haukeland saman med si kjære Margot fekk eit langt og rikt liv i teneste for Jesus. Vi er mange som vil minnst Harald med glede og takksemd for det han fekk gi, og det han var for dei mange. Velsigna vere hans minne.

Kjell Furnes

Fra Møre barne- og ungdomsskule Skodje #framtidavaksne

Det er nokre år sidan sist – og vi har blitt større og sterkare. Møre barne- og ungdomsskule Skodje er den ferskaste skulen i ImF Sunnmøre-familien. Vi er godt inne i fjerde driftsår, og skulen er no på god vei til å kunne kalle seg ein etablert grunnskule i friskule-Norge.

Det er tett og godt samarbeid mellom dei ulike Møre-skulane til ImF Sunnmøre, og i tillegg er det kort veg både til andre kristne friskular rundt om i landet og til samarbeid med både kyrkje og forsamlingar i dei fire kommunane som skulen får elevar frå. Skulen ligg godt plassert i leigde lokaler i Brusdalen, og her trivs vi godt! Det er mykje som er positivt med å ha ein skule i eit slikt område, og vi er glad for å kunne ha naturen så tett på oss som vi har.

Dei kristne friskulane har ei særskilt og unik rolle i utdanninga og opplæringa av framtidavaksne, med den fridomen og det privilegiet som vi har til å kunne både formidle læring, kunnskap, erfaringar og



utdanning – i tett tilknytning og naturleg samanheng med både Skaparen og skaparverket. Vi er overtydd om at det merkes på elevane, og på foreldre/familiar og dei som vi samarbeider med at det er noko som driv oss – noko meir enn «berre» fag og undervisning... som Møre Ungdomsskule så fint skildra i forrige nummer – «både elevar og lærarar gjer sitt beste for å vere inkluderande».

Vi er stolt over arbeidet som vi får lov til å drive på skulane våre – og vi er overtydd om at elevane som

vi får lov til å dele trua vår med, engasjement for misjon, omsorg for miljø og forvaltning av både skaparverket og menneska som bur her – dette betyr noko! Noko stort!

Skulen vår er no snart fire år gamal – og vi har elevar på 1.-10. trinn. Vi er foreløpig i leigde lokaler, men det vert arbeidd med å kunne få avklare kor den permanente skulebygninga skal få stå. Skulen rommar no rundt 80 elevar og ein fin gjeng med lærar, miljøterapeutar og skuleadministrasjon – her er det mykje flotte folk, som vi er stolte av!

Det er ikkje utan grunn at vi no brukar emneknaggar som «#verdasteelevar», «#framtidavaksne» og «#ålæreålære», fordi vi har tru på at fokuset vårt om at dei elevane som vi får låne nokre år på Møre – dei vert

vaksne forvaltarar av ulike delar av samfunnet som vi alle skal leve i – og då er det absolutt relevant å kunne gje desse elevane godt forhold og erfaring til det å lære, til sitt eige syn på framtida og deira eiga rolle i møte med nettopp det.

Vi vil takke dykk alle som ber for oss! Det er absolutt merkbar, og vi er ikkje i tvil om at bøn har bære oss fram dit skulen er i dag. Og så vil vi be dykk så inderleg om å ikkje slutte med forbøn – og bli gjerne med fleire om de kan og vil. Be for alle lærarar, foreldre, søndagsskulelærarar, leirleiarar, lagsarbeidarar, korleiarar osv – alle som ønsker å gje dei unge viktige verdiar, lærdom og ikkje minst kunnskap – om både Skaparen og skaparverket.

//// Tekst: Ingrid Kvam Steinshamn

//// Foto: Møre bu-skole Skodje



REISERUTA FOR IMF SUNNMØRE - våren 2019

JOHAN HALSNE:

06.01: Skodje, 06.01: Medarb. fest, 10.01: Langevåg, 11.-12.01: manns møte, 13.01: Langevåg, 15.01: styremøte, 21.01: Randøy, 22.01: Mannaklubb, 30.01: ABV, 02.-05.02: Plusstreiser, 06.-10.01: Fristad, 13.-14.02: Austefjorden, 16.02: Temadag, 18.02: Randøy, 19.02: Mannaklubb, 22.-24.02: Vigra, 28.02-10.03: Plusstreiser, 11.03: medarbeiderdag, 13.-14.03: Leine, 18.03: Randøy, 19.03: styremøte, 22.-24.03: Giske, 24.03: Sykkylven, 20.03: Follstaddalen, 21.03: Åmdal, 28.03: Rovde, 29.-31.03: Ellingsøy, 03.04: ABV, 06.04: Imf Sør, 22.04: Storsamling, 05.05: Blindheim, 07.05: styremøte, 08.-09.05: Gursken, 13.-14.05: Misjonsråd, 24.-26.05: Karmøy, 30.05: Stømne Brusdalsheimen, 02.06: Ellingsøy, 06.-10.06: Furutangen, 12.-13.06: ABV, 15.-16.06: Årsmøte, 25.06: styremøte, 15.-21.07: Lyngdal.

ARILD OVE HALÅS:

06.01: Medarb.fest, 15.-20.01: Mosby, 25.-27.01: Giske, 27.01: Sykkylven, 03.02: Emble, 12.02: Emble, 14.02: Spjelkavik, 15.-17.02: NRI, 22.-24.02: Langevåg, 24.02: Brattvåg, 26.02: Follstaddalen, 12.03: Emble, 14.03: Spjelkavik, 15.-17.03: Remøya, 29.-31.03: NRI, 11.04: Spjelkavik, 12.-15.04: Familieleir, 18.-21.04: Påskemøter Blindheim, 22.04: Storsamling, 05.05: Spjelkavik, 09.05: Spjelkavik, 30.05: Stømne Brusdalsheimen, 31.05-02.06: NRI, 15.-16.06: Årsmøte, 27.06-30.06: Alta.

RANDI FAGERHOL LAUVÅS:

06.01: Medarb.fest, 09.-11.01: Oslo (barne.konf), 15.01: styremøte, 17.01 ABV, 17.01: BUR, 19.-20.01: barnekorfestival, 25.-27.01: Godøy, 13.02: Oslo (Superblink), 16.02: temadag, 17.02: Ellingsøy, 21.02: ABV, 15.-16.03: tro i hjemmet, 14.03: BUR, 19.03: styremøte, 21.03: ABV, 26.03: Godøya, 31.03: Skodje bhf., 02.04: Frøystad og Remøy, 07.04: Emble, 12.-15.04: familieleir, 22.04: storsamling, 25.04: ABV, 06.05: Emble, 07.05: styremøte, 12.05: Ulsteinvik, 13.-14.05:

Misjonsråd, 15.-16.06: årsmøte, 21.-24.06: jenteleir, 25.06: styremøte.

MATHIAS LINDGREN MULELID:

06.01: Medarb.fest, 12.01: Konfu, 17.01: BUR, 22.01: Møre Hatleholen, 05.02: Møre Hatleholen, 08.-10.02: Wintergames, 17.02: Ulsteinvik, 05.03: Møre Hatleholen, 08.-10.03: Wintergames, 12.03: MUSK, 16.03: Konfu, 18.03: Respons, 21.03: YA-Valderøya, 26.03: Barneforeningen, tirsdagsklubben Lepsoya, 05.-07.04: Konfu, 09.04: Møre Hatleholen, 12.-15.04: familieleir, 22.04: storsamling, 25.04: YA-Valderøya, 14.05: Møre Hatleholen, 14.05: MUSK, 04.06: Møre Hatleholen, 15.-16.06: årsmøte, 27.-30.06: gutteleir.

HILDE SOFIE BLINDHEIM ØSTREM:

06.01: Medarb.fest, 19.-20.01: Barnekorfestival, 02.-03.02: Minileir, 09.02: Awana, 16.03: Tro i hjemmet, 30.-31.03: Minileir, 12.-15.04: Familieleir, 22.04: Storsamling, 15.-16.06: Årsmøte, 21.-24.06: Jenteleir

AUD KARIN K. RINGVOLL:

26.-28.04: Langevåg
08.-10.02: Brattvåg, 13.02: Lepsoya, 14.02: Sjøholt, 17.02: Blindheim, 24.02: Sykkylven, 06.-10.03: Søvik/Gamlem, 14.-17.03: Tennfjord og Slyngstad, 03.-04.04: Eidsdal, 05.-07.04: Giske, 25.-28.04. Berge

KJELL FURNES:

13.01: Blindheim, 01.02: Ulsteinvik, 03.02: Ellingsøy, 27.02: Åmdal, 01.-03.03: NRI, 27.-31.03: Valle,

03.-05.04: Volda, 14.04: Ellingsøy, 21.04: Sykkylven bhf., 28.04: Ulsteinvik, 12.05: Blindheim, 17.05: Blindheim, 19.05: Sykkylven, 02.06: Langevåg.

JOSTEIN MULELID:

22.-24.01: Sydve/Eidså, 05.-10.03: Sula (fellesmøter), 27.-31.03: Ulsteinvik

MARIT STOKKEN BERLAND OG IRENE KROKEIDE ALNES:

06.-17.02: Ørsta
20.-24.02: Blindheim

ARVID ØDEGÅRD:

24.02: Godøya, 17.03: Blindheim, 31.03: Godøya, 28.04: Blindheim, 19.05: Ellingsøy,

ODDBJØRN BRUNSTAD:

03.02: Blindheim, 09.06: Godøya.

HELGE DIMMEN:

05.-06.03: Hjørungavåg, 17.05: Sjøholt

RAGNAR RINGVOLL:

14.-17.03: Godøya

ERIK FURNES:

05.-06.04: Hundeidvik, 07.04: Sykkylven, 22.04. Storsamling Ålesund FHS

GUNNSTEIN NES:

26.-28.04: Skodje

INGBJØRN VINGEN:

05.-07.04: Sjøholt

ROBERT UGGEDAL:

06.01: Ellingsøy

BJARTE VESETVIK:

08.-10.03: Leir

RUNAR LANDRO:

16.02: Emble

GUNNAR FERSTAD:

07.-10.03: Emble

PER SÆVIK:

10.02: Blindheim, 19.05: Godøy, 23.06: Sykkylven bhf.

ARNE BAKKE:

20.01: Ellingsøy

INGER OG PER ARNE LILLEBØ:

08.-09.02: Fiskå

KARL ARNE AUSTNES:

02.02: Ålesund FHS (basar), 26.05: Brattvåg

GUÐRUN LONGVA OG HILDE

GJENGEDAL:

03.03: Leikong, 12.-13.03: Valldal, 12.-14.04: Frænobu, 19.05: Blindheim, 10.06: Ulsteinvik

KAI EVEN BJØRDAL:

30.05: Stømne Brusdalsheimen

Bibelskulen:

23.01: ÅFHS, 24.01: Ellingsøy,

25.01: Emble, 26.01: Vigra, 27.01:

Blindheim

Bli med i trekning av ei komplett felleski-pakke!

Kjøp lodd via vipps! Søk opp Orreneset Misjonssenter eller bruk kode: 119058

50 kr pr. lodd. Kjøper du 4 lodd, får du eit ekstra på kjøpet!



Vinnaren blir trekt 31. Mars 2019

(Du får tilsendt nummeret på ditt lodd via sms)

Påskemøter Imf Sunnmøre 2019

Blindheim Bedehus / Ålesund Folkehøgskole
18.-22. april



Talere: Generalsekretær Erik Furnes og Arild Ove Halås



Skjærtorsdag kl. 1900

Møte Blindheim bedehus - Arild Ove Halås
«Se der Guds lam»

Langfredag kl. 1900

Møte Blindheim bedehus - Arild Ove Halås

1. Påskedag kl. 1100

«Gjeldsbrevet er betalt»
Møte Blindheim bedehus - Arild Ove Halås
«Jesus vant - og jeg har vunnet»



2. Påskedag kl. 1200

Storsamling på Ålesund Folkehøgskole
Gen.sekr. Erik Furnes taler
Nattverd
Eget opplegg for barna - salg av middag

imf Sunnmøre

Hjertelig velkommen!